

Kvam herad

Sakspapir

SAKSGANG

Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Tenesteutvalet	29.09.2010	019/10	EROE
Kvam heradsstyre	05.10.2010	101/10	POET

Avgjerd av: Heradsstyret Saksh.: Per Øyvind Tveiten	Arkiv: N-573 Objekt:	Arkivsaknr 08/2046
--	-------------------------	-----------------------

BIR -avfallsplan 2010-2015 - Måldokument

Samandrag:

Høyringsutkast til Avfallsplan for BIR 2010-2015 er utarbeidd av BIR i samarbeid med kommunane og naturvernorganisasjonar.

Kommunane blir bedne om å handsama måldokumentet i heradsstyret med tilbakemelding til BIR.

Tilbakemeldingsfrist vart sett til 1.juli 2010, men nokre kommunar, m.a. Kvam, har ikkje

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Kvam heradsstyre tek revisjonsrapporten *"BIR Privat AS-Revisjon av avfallsplanen 2004-08"* til orientering.
2. Kvam heradsstyre tek *"Avfallsplan for BIR Privat 2010-2015 Måldokument til politisk behandling"* til vitande, og sluttar seg til avfallsplanen sine hovudmål og delmål.
3. Kvam heradsstyre bed BIR Privat leggja fram ny sak om innsamling og handsaming av matavfall for produksjon av biogass når fleire forhold rundt biogassanlegget og handsamingskostnaden er klarlagt.
4. Kvam heradsstyre ber BIR Privat innarbeida krav til infrastruktur for avfall i kommuneplanar, reguleringsplanar og sikra at moderande infrastruktur for avfall blir etablert i kommunen.
5. Heradsstyret ber BIR Privat om å møta årleg for å orientera om status og måloppnåing innan avfallsområde

29.09.2010 Tenesteutvalet

Astrid Selsvold, Ap ba utvalet handsame om ho er gild i saka
Ho går i frå ved handsaming av gildskap

Framlegg frå Bjarne Mo, H:

Astrid Selsvold, Ap er gild i saka

Røysting:

Framlegget fekk 7 røyster (samrøystes)

Vedtak:

Astrid Selsvold, Ap er gild i saka

Saka vert handsama av 8 representantar

Framlegg til vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Røysting:

Framlegget fekk 7 røyster (samrøystes)

TEN-019/10 Tilråding:

1. Kvam heradsstyre tek revisjonsrapporten ”*BIR Privat AS-Revisjon av avfallsplanen 2004-08*” til orientering.
2. Kvam heradsstyre tek ”*Avfallsplan for BIR Privat 2010-2015 Måldokument til politisk behandling*” til vitande, og sluttar seg til avfallsplanen sine hovudmål og delmål.
3. Kvam heradsstyre bed BIR Privat leggja fram ny sak om innsamling og handsaming av matavfall for produksjon av biogass når fleire forhold rundt biogassanlegget og handsamingskostnaden er klarlagt.
4. Kvam heradsstyre ber BIR Privat innarbeida krav til infrastruktur for avfall i kommuneplanar, reguleringsplanar og sikra at moderande infrastruktur for avfall blir etablert i kommunen.

Heradsstyret ber BIR Privat om å møta årleg for å orientera om status og måloppnåing innan avfallsområde

Saksordførar: Arne Opsahl-Engen, Krf

05.10.2010 Kvam heradsstyre**Spørsmål om gildskap:**

Ordførar A.F.S stilte spørsmål til om ho i følgje Kommunelova §40 punkt 3 er gild i saka.
Viste til at ho er varamedlem i styret til BIR privat AS.

Martin Vik, Sp stilte spørsmål til om han i følgje Kommunelova §40 punkt 3 er gild i saka.
Han viste til at han sit i bedriftsforsamlinga til BIR. Valt inn av HST.

Nils Drage, Ap stilte spørsmål til om han i følgje Kommunelova §40 punkt 3 er gild i saka.
Viste til at han er varamann til bedriftsforsamlinga til BIR. Valt inn av HST.

Lars Ragnvald Djupevåg stilte spørsmål til om han i følgje Kommunelova §40 punkt 3 er gild i saka. Han viste til personlege høve.

Framlegg frå Reidar Tolo, U:

Ordførar Astrid Farestveit Selsvold er ugild i saka

Martin Vik, Sp er ugild i saka

Nils Drage, Ap er ugild i saka

Lars Ragnvald Djupevåg, V er gild i saka.

Framlegg frå Bjarne Mo, H:

Ordførar Astrid Farestveit Selsvold er gild i saka

Martin Vik, Sp er gild i saka
Nils Drage, Ap er gild i saka
Lars Ragvald Djupevåg er gild i saka

Reidar Tolo, U trekte sitt framlegg

Røysting over gildskap:

Det vart samrøystes vedteke med 23 røyster at ordførar A.F.S i følgje Kommunelova §40 punkt 3 er gild i saka

Det vart samrøystes vedteke med 23 røyster at Martin Vik, Sp i følgje Kommunelova §40 punkt 3 er gild i saka.

Det vart samrøystes vedteke med 23 røyster at Nils Drage, Ap i følgje Kommunelova §40 punkt 3 er gild i saka.

Det vart samrøystes vedteke med 23 røyster at Lars Ragvald Djupevåg, V i følgje Kommunelova §40 punkt. 3 er gild i saka.

Vedtak:

Ordførar A.F.S er i følgje Kommunelova §40 punkt 3. gild i saka

Representanten Martin Vik, Sp er i følgje Kommunelova §40 punkt 3. gild i saka

Representanten Nils Drage, Ap er i følgje Kommunelova §40 punkt 3. gild i saka

Representanten Lars Ragnvald Djupevåg, V er i følgje Kommunelova §40 punkt 3. gild i saka

Kommentar til behandlinga om gildskap:

Ordførar Astrid Farestveit Selsvold, Martin Vik, Sp, Nils Drage, Ap og Lars Ragnvald Djupevåg, V er gilde i saka grunna BIR AS er eit 100% offentleg eigd selskap, og blir difor ikkje omfatta av Forvaltningslova §6 punkt e.

Røysting:

TEN si tilråding vart samrøystes vedteke med 27 røyster.

HST-101/10 Vedtak:

1. Kvam heradsstyre tek revisjonsrapporten "*BIR Privat AS-Revisjon av avfallsplanen 2004-08*" til orientering.
2. Kvam heradsstyre tek "*Avfallsplan for BIR Privat 2010-2015 Måldokument til politisk behandling*" til vitande, og sluttar seg til avfallsplanen sine hovudmål og delmål.
3. Kvam heradsstyre bed BIR Privat legga fram ny sak om innsamling og handsaming av matavfall for produksjon av biogass når fleire forhold rundt biogassanlegget og handsamingskostnaden er klarlagt.
4. Kvam heradsstyre ber BIR Privat innarbeida krav til infrastruktur for avfall i kommuneplanar, reguleringsplanar og sikra at moderande infrastruktur for avfall blir etablert i kommunen.
5. Heradsstyret ber BIR Privat om å møta årleg for å orientera om status og måloppnåing innan avfallsområde

rukke denne fristen. Innspel og vedtak blir innarbeidde i den felles avfallsplanen.

Lista inneholder sentrale dokument som det er referert til eller sitert fra i saksframstillinga:

JournalID	Journaldato	Tittel	Avsendar
08/17314	28.10.08	Oppstart avfallsplan	BIR
09/8183	04.05.09	"	BIR
10/8434	19.04.10	"	BIR
	19.04.10	Avfallsplan 2010-2015, trykt utgåve	BIR – Trykt vedlegg til saka

For å opne dokumentet det er referert til i tabellen må du klikke på lenka under her.

Skriv så inn JournalID i søkefeltet DokumentID og utfør søket.

http://www.kvam.no/innsyn5/wfinnsyn.aspx?response=journalpost_sok&simple=false

Saksopplysningar:

Bakgrunn:

Kommunane Askøy, Bergen, Fusa, Kvam, Os, Osterøy, Samnanger, Sund og Vaksdal eig BIR.

Selskapet sitt formål er å utføra eigarkommunane sine plikter etter Forureiningslova § 30, om hushaldsavfall.

Forankring av BIR sine målsetjingar innan avfallshandtering blir utarbeidd i avfallsplanar som det einskilde kommunestyre handsamar.

Kommunane blir bedne om å gje uttale til måla i avfallsplanen. På grunnlag av innspela i høyringsrunden blir det utarbeidd ein felles avfallsplan for BIR, som blir vedteken av styret i BIR privat a.s.

Sidan BIR vart etablert i 1996 er det utarbeidd tre avfallplanar: 1996-2000, 1999-2002, 2004-2008. Den som no er utarbeidd vil gjelda for perioden 2010-2015.

Dette står opp under prinsippet som eigarane har vedteke,- at BIR skal handsama alle kundar og kommunar likt. Det inneber :

- like tenester med lik avfallsplan ,
- lik kundehandsaming med sams kundesenter og klagenemnd,
- like prisar med likt gebrysysteem og kostnadsutjamning.

Det vil seinare bli utarbeidd konkrete handlingsplanar knytt til dei ulike måla i planen. Handlingsplanar blir vedtekne av styret i BIR Privat. BIR vil kan møte for å orientera eigarkommunane om status og måloppnåing innan avfallsområdet i planperioden.

Utarbeiding av Avfallsplanen for BIR privat 2010-2015

Avfallsplanen blir utarbeidd og følgt opp av BIR Privat a.s., det selskapet som er etablert for å ivareta dei lovpålagde oppgåvene knytt til hushaldsavfallet.

Styret i BIR Privat vedtok 3. april 2008 å starta arbeidet med ein ny avfallsplan.

Revisjon av avfallsplan 2004-2008

Arbeidet med ny avfallsplan starta med å gjøre opp status for den førre. Ein uavhengig revisjon av måloppnåinga vart gjennomført. Revisjonen konkluderer med at BIR Privat har oppfylt dei fleste mål i planen. Der mål ikkje er nådd skuldast det i hovudsak uføresette faktorar som har seinka prosessane. Samandrag av revisjonsrapporten:



Vedlegg 1 Sammendrag Revisjon av Avfallsplan BIR 2004-08, Cowi 30.01.2009

BIR Privat AS
Revisjon av avfallsplanen 2004-2008

2 / 31

1 Sammendrag

Avfallsplanen for perioden 2004-2008 vart utforma av BIR Privat i samarbeid med representantar frå eigarkommunane i selskapet. Føremålet med avfallsplanen var å definere dei viktigaste målsetjingane til BIR Privat i samband med innsamling og behandling av avfall frå hushalda i kommunane.

I 2007 vart det i BIR kommunane produsert ca. 140.000 tonn avfall, noko som tilsvasar ca. 441 kilo avfall pr innbyggjar. Av dette gjekk 174 kilo til materialgjenvinning, 130 kilo til energigjenvinning og 137 kilo til sluttbehandling.

I avfallsplanen er det formulert overordna mål i tillegg til delmål for ulike tema. Dei overordna måla var meint å skulle overstyre verksemda til BIR Privat, medan delmål definerer målsetjingane for dei tema som er høgst prioriterte.

Dei mest vellukka måla i høve til gjennomføring og oppnåing er:

- Hovudmålet om nøgde kundar.
- Delmåla om minimum materialgjenvinning, maksimal gebyrauke og felles strategi for hytterenovasjon.

Dei minst vellukka målsetjingane i høve til gjennomføring og oppnåing er:

- Hovudmåla om 80 % gjenvinning og "topp 6" innan effektivitet.
- Delmåla om alt brennbart restavfall til forbrenning og forsøpling i byområde. For sistnemte tema viste det seg også at sjølvé malformuleringa vart lite relevant.

Oppsummert har gjennomføringa stort sett vore i tråd med planen, der manglande oppfylling ofte skuldast ulike uforesette faktorar som har forseinka prosessane. Med eit par unntak har målformuleringane også vore tenlege og presise.

I arbeidet med neste avfallsplan vert det tilrådd at BIR, inkludert styret, eigarkommunane og eventuelt kundane, i startfasen diskuterer følgjande overordna tema:

- Kva overordna prinsipp som skal gjelde ved prioritering av tiltak. Er dette t.d. samfunnsøkonomi, klimanytte, uendra nivå for avfallsgebyret eller livssyklusanalyser (LCA).
- I ein innleidande prosess bør ein velje kva tema som det skal fokuserast på i planen. Det bør generelt vere færre tema enn sist.
- Ambisjonsnivået i målsetjingane. Måla bør vere realistiske, samtidig som dei gjev BIR noko å strekkja seg mot.

Ein slik prosess vil truleg i stor grad ivareta dei forholdsvis få merknadene til målformuleringane og gjennomføringa av siste plan.

Innspela i revisjonsrapporten gjeld kva overordna prinsipp som skal gjelda ved vurdering av tiltak. Det bør vera færre utvalde tema enn i førre plan, ambisjonsnivået må vera realistisk samstundes som det gjev noko å strekkja seg etter.

Tema og vurderingskriterium for mål i ny plan

Styret i BIR Privat vedtok at desse hovedtema skal vurderast:

- Klimapåverknad
- Kjeldesortering
- Nye metodar for oppsamling og innsamling av avfall
- Spesielle forhold i Bergen sentrum
- Forvaltningsorgan i BIR

Alle føreslegne mål skal vurderast opp mot flg. kriterium:

- Miljø- og klimaeffekt
- Kundeønskjer og behov, omdømmeeffekt
- Kostnader målt som gebyreffekt
- Avfallsfaglege vurderingar målt mot lokale og nasjonale målsettingar

Det er i hovudsak BIR Privat som vil gjennomføra tiltaka i avfallsplanen, men nokre tiltak vil bli gjennomført av andre selskap i BIR konsernet; t.d. innsamling og transport; BIR Transport og Retura Vest, behandling av restavfall og farleg avfall; BIR Avfallsbehandling, etablering av biobrenselanlegg og fjernvarmeanlegg; BIR Bedrift og BKK Varme osv.

Hovedmål i Avfallsplanen

Mengd restavfall skal reduserast

- Auka ombruk av brukbare gjenstandar
- Auka materialgjenvinning gjennom kjeldesortering og fokus på reine avfallsstraumar

BIR skal ha effektiv drift

- Oppsamling og innsamling med nye tekniske løysingar
- HMS - slutt på manuell handtering av behaldarar innan 2020

Kunden skal erfara at ”BIR gjer meg miljøvenleg!”

- Godt tilrettelagt og fleksibelt tilbod til kundane

BIR skal bidra til at eigarkommunane når sine klimamål

- Miljøvenlege tiltak som står opp under lokale klimatiltaksplanar
- Energiutnytting av restavfall og trevirke
- Sikra lokal handsaming av avfall gjennom etablering av eigne anlegg

Gebyreffekt

For nye delmål i avfallsplanen er det gjort ei beregning av gebyreffekt, dvs. kor mykje gebyret teoretisk må aukast s for å gjennomføra tiltaket.

Kva som blir reell gebyravheng av ei rekke faktorar som rasjonaliseringstiltak, lønns- og prisstigning, prisutvikling på ulike råvarer som metall, papir, energi osv.

Sak om neste års renovasjonsgebyr blir lagt fram årleg for gebyrvedtak i heradsstyret.

Når det gjeld innsamling av matavfall er det føreslede at det skal leggjast fram ny sak for kommunestyra når ein har meir informasjon.

Vedlegg til saka:

Trykt utgåve av Avfallsplanen, Måldok.til politisk handsaming.